

Føremålet med planarbeidet er å sikra trygg skuleveg for elevar på Auklandshamn skule, som bur langs strekinga fram til Lio. Det skal difor leggjast til rette for gang- og sykkelveg eller fortau langs eksisterande fylkesveg. I arbeidet med reguleringsplanen vil ein vurdere kva profil ny gang- og sykkelveg/fortau skal ha, og kva side av fylkesvegen det skal liggja på. Planavgrensinga som no vert varsla er dermed vesentleg større enn det ferdige planområdet, for å sikra at ein har nok areal til å ta ei avgjersle om profil og val av side.

Kva private eigedommar som blir direkte råka av tiltaket er avhengig av vald løysing i planprosessen, behov for midlertidig areal i anleggsperioden og krav til gode siktforhold i alle kryss og avkøyrslar.

Det er utarbeidd eit planinitiativ som skildrar planarbeidet og prosessen. Planinitiativet finn du på <https://www.sveio.kommune.no/hoyringar-og-kunngjeringar/> eller på <http://www.asplanviak.no/kunngjoringer/>.

Det er lagt opp til open kontordag i kommunehuset i Sveio sentrum onsdag **08.12.21** frå kl. **14-17**, der både kommunen og Asplan Viak er tilgjengelege for ein prat. Med omsyn til smittevern ber me om at ein i størst mogleg grad avtalar møtetidspunkt innanfor dette tidsrommet på førehand, ved å kontakta:

- Asplan Viak AS v/ Øyvind Skaar, oyvind.skaar@asplanviak.no, tlf: 46 90 61 46
- Sveio kommune v/Tore Johann Enerstvedt, Tore.Johann.Enerstvedt@sveio.kommune.no, tlf: 95 25 48 33

Dersom tidspunktet for open kontordag ikkje passar, ta kontakt for å avtala eit digitalt møte.

Det er sett opp ein digital merknadsportal der ein kan sjå varsla planområde i kart, og leggja inn merknadar direkte i kartløysinga. Portalen, og rettleiing for bruk av denne finn ein ved å gå skanna QR-koden under, eller gå inn på: <https://arcg.is/1GfDO5>



Merknadar og innspel til planarbeidet kan og sendast til Asplan Viak AS v/Øyvind Skaar, Kirkegata 130, 5522 Haugesund; oyvind.skaar@asplanviak.no, med kopi til Sveio kommune, Postboks 40, 5559 Sveio; postmottak@sveio.kommune.no.

Frist for innsending av merknadar er 19.desember 2021

Me ber om at eventuelle leigetakarar vert informert.

Med venleg helsing
Asplan Viak AS

Øyvind Skaar
Arealplanleggjar

Telefon 46906146

E-post oyvind.skaar@asplanviak.no